



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

SØLLESVIK HOLDING AS
c/o Frank Søllesvik Lundshagen 39

5464 DIMMELSVIK

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Vilde Røyrvik Grøtte	473 56 236	2023/3937-4		17.01.2024

SEKSJONERINGSLØYVE – delegert vedtak

Heimelshavar: Søllesvik Holding AS
Seksjonering av gnr/bnr: 81/267
Parsellen skal nyttast til: Bustad

Delegert vedtaksnr.: 2024/31

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev i medhald av eigarseksjonslova kapittel III løyve til seksjonering av egedomen. Matrikkeleining, gnr. bnr.: 81/267

Løyvet gjeld oppdeling i 2 seksjonar.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter eigarseksjonslova § 16 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker frå motteke løyve. Eventuell klage skal stillast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast gjennom kommunen.

Søknaden:

Søknaden gjeld planlagt bygning der løyve til tiltak (tomannsbustad) er gjevne den 18.01.2022, sak: 2022/133.

Det vert søkt om oppdeling i 2 seksjonar, - begge til bustadformål.

Tilleggsareal: ingen av seksjonane har tilleggsareal.

Fellesareal: alt utanom definerte seksjonar er fellesareal.

Gjeldande plangrunnlag:

Egedomen er omfatta av reguleringsplan med planid: 20110024, «mindre reguleringsendring Neslia Øvre, Gnr.81, Bnr. 105, 3 og 6.»

Synfaring:

Synfaring er ikkje funne naudsynt.

Retting i seksjonssøknaden:

Det er ikkje gjort rettingar i seksjoneringssøknaden.

Retting av vedlegga til seksjoneringssøknaden:

Sakshandsamar har med heimel i Eigarseksjonslova § 13 fyrste avsnitt andre setning hjelpt til med nye planteikningar og situasjonskart. Dette er gjort for betre å klargjera avgrensinga av dei einskilde einingane utan at dette medfører reell endring av innsend materiale.

Plan- og bygningsmessig vurdering:

Kommunen finn at søknaden tilfredstiller krava i eigarseksjonslova § 7.

Kommunen vil presisera at løyve til seksjonering ikkje medfører noko form for godkjenning etter plan- og bygningslovgivinga.

Vidare handsaming:

Seksjoneringssøknaden vedlagt etasjeplanar og situasjonsplan vil verta vidaresendt til Statens kartverk for tinglysing og formell oppretting av nye seksjonar etter at klagefristen er gått ut. Etter tinglysing vil original seksjonssøknad og eit komplett sett av vedlegga verta returnert til dykk herifrå.

Merknader:

- Rekning for handsamingsgebyr ifølge vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå økonomikontoret til søkjar.
- Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.lovdato.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Vilde Røyrvik Grøtte
Saksbehandlar geodata

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet